



VOSS KOMMUNE
Postboks 145
5701 VOSS

Dato: 19.04.2016
Vår ref.: 2016/88-19
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Tildeling av midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder

Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområde

Viser til dykkar søknad om midlar til kartlegging og verdsetting av friluftsområder for 2016. Det er 6 søknadar og alle søknadane fyller vilkåra for tildeling av tilskot.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tildelte i møte 13. april 2016 Voss kommune kr. 60 000,- til kartlegging og verdsetting av friluftsområde og kr 30 000 til digitalisering av data og konvertering til SOSI standard for innlegging i Naturbase. 75% av midlane kan bli overført ved oppstart og 25% av tilskotet vert utbetalt ved ferdigstilling av arbeidet.

Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd inviterer til ei nettverkssamling 2. juni kl 10.00 – 14.00 i Bergen. Ein eigen invitasjon vert sendt ut innan kort tid.

Utbetaling. Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015. Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som leverandør då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.

2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse.

- *Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

- *Link til brukarretteiing*

<http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2016/88
Ressursnummer: 400006
Beløp: kr 68 000

Sluttrapport skal sendast Hordaland fylkeskommune innan 15. desember 2016. Den skal innehalde:

- Ei kort skildring av gjennomførte tiltak i tråd med M98-13 og ev. avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering.

Hordaland fylkeskommune ønskjer dykk lykke til med dette viktige arbeidet!

Med venleg helsing

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive, rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.